

LØYSINGSFORSLAG – Øvingar – Entreprenørskap

Ctrl + klikk på sida du vil gå til.

Læreboka side 13	1
Læreboka side 21	1
Læreboka side 29	2
Læreboka side 33	3
Læreboka side 37	4
Læreboka side 40	4
Læreboka side 48	5

Læreboka side 13

1.1 - 1.4 Denne øvinga er di oppgåve.

Læreboka side 21

1.5 Denne øvinga er di oppgåve.

1.6

a) Kva meiner vi med eit innovativt produkt?

Innovasjon tyder fornying. Eit innovativt produkt kan da bety eit nytt produkt basert på nye materiale og nye produksjonsprosessar.

b) Nemn eit døme på eit innovativt produkt.

MP4-spelar, flatskerm, digitale produkt.

c) – e) Desse øvingane er oppgåvene dine.

1.7 – 1.9 Desse øvingane er oppgåvene dine.

1.10

a) Kva meiner vi med innovative personar og innovative bedrifter?

Innovative personar er personar som kan tenkje ut og gjennomføre produktutvikling. Dette er nyskaparar og kreative personar som representerer ei fornying når det gjeld utvikling av nye varer og tenester.

Innovative bedrifter er bedrifter som legg til rette for produktutvikling og gjennomfører sjølve utviklinga av nye varer og tenester.

b) Kvifor trur du slike personar og bedrifter er viktige for verdiskapinga i framtida?

Slike personar og bedrifter er viktig for verdiskapinga i framtida fordi dei skaper dei varer og tenester som skal ta over for dei som er på veg ut. Denne fornyinga er ein føresetnad for at bedrifter kan utvikle, produsere og selje produkta sine i framtida.

c) Kjenner du personar eller bedrifter som er innovative?

Denne øvinga er di oppgåve.

1.11

Produkt	Namn på oppfinneren	Land
Papiret	Cai Lun	Kina
Dieselmotoren	Rudolf Diesel	Tyskland
TV	John Logie Baird	Storbritannia
Microsoft	Bill Gates	USA
Kulepennen	Laszlo Biro	Ungarn
Blindeskrift	Louis Braille	Frankrike
Propellen	John Ericsson	Sverige
Telefonen	Alexander Graham Bell	Canada

1.12 - 1.14

Desse øvingane er oppgåvene dine.

Læreboka side 29

1.15

a) Kva vil det seie at bedrifa går med overskot?

Det tyder at inntektene er større enn kostnadene.

b) Kva er berekraftig produksjon?

Berekraftig produksjon tyder at produksjonen skjer innanfor tåleevna til naturen og miljøet.

c) Nemn nokre situasjonar der det kan bli konflikt mellom desse måla .

Nokre eksempel:

- Fiskebestanden blir for høgt beskatta av fiskarane
- Skogen blir utnytta i for sterk grad – avverkinga er for stor
- Bedrifa prioriterer lønnsemid i større grad enn miljø i produksjonen sin

1.16

a) Har ei bedrift eit forvaltaransvar overfor dei tilsette?

Bedrifa har eit klart forvaltaransvar over dei tilsette gjennom arbeidsmiljøloven.

b) Kva for eit forvaltaransvar har ei bedrift overfor miljøet?

Dette ansvaret er presisert gjennom kravet til berekraftig produksjon.

c) Nemn nokre døme på andre etiske spørsmål i ei bedrift.

- God behandling av kundar og leverandørar.
- Truverdig marknadsføring.
- Førebyggje og forhindre seksuell trakkassering.

1.17

- a) Kvifor eit det ikkje bra å lure ein kunde?

Fordi det går berre an å lure ein kunde ein gong. Dersom ein kunde blir lurt, vil den kunden mest truleg ikkje ha noko meir med den bedrifta å gjere lenger. Dessutan snakkar kundane saman, og ei slik framferd gir dårlig rykte og tapte kundar.

- b) Korleis vil du sjølv bli behandla som kunde?

Denne øvinga er di oppgåve.

1.18

- a) Ser du nokon etiske problem ved bruk av slike materiale?

Er det riktig av Båtinteriør AS å bruke trematerialar av varmekjære tresortar når dette kan vere med å støtte utrydding av livsviktige tresortar i Brasil? Slike handlingar kan samla sett og på sikt ha katastrofale følgjer for jordsmonn og livsgrunnlaget for befolkninga.

- b) Kva vil du ráde Båtinteriør AS til å gjere?

Båtinteriør AS kan prøve ut andre tresortar som kan ha same kvalitet og effekt. Dei kan også vurdere om dei kan bruke andre materiale enn tre.

1.19 Denne øvinga er di oppgåve.**1.20**

- a) Kva er bodskapen i annonsen?

Bodskapen er at dersom vi kjøper klede med Fairtrade-merket er vi trygge på at bønder i fattige land får ein rettferdig pris for produkta sine.

- b) Kven trur du annonsen vender seg til?

Annonsen vender seg til alle forbrukarane.

- c) Kva meiner du det å bruke kjende rollefigurar har å seie for bodskapen i annonsen?

Desse personane kan ha ei sterkt påverknadskraft.

Læreboka side 33**1.21**

- a) Kva er ein rådgivar, og kva kan ein slik person hjelpe til med?

Ein rådgivar er ein person som har kompetanse innanfor eit bestemt område, og som kan vere til hjelp ved etableringa når det gjeld faglege spørsmål.

- b) Tenk deg at du sjølv skal starte ei ungdomsbedrift. Kvar ville du prøvd å finne støtte til dette arbeidet?

Denne øvinga er di oppgåve.

1.22 - 1.23 Desse øvingane er oppgåvene dine.

Læreboka side 37

1.24 - 1.26 Desse øvingane er oppgåvene dine.

1.27

a) Kva er skilnaden på eit formelt og eit uformelt nettverk?

Uformelt nettverk er personar vi er i kontakt med så å seie dagleg slik som slektingar, venner og kjende.

Formelt nettverk er personar som er tilsette i private eller offentlege institusjonar og som kan yte bistand eller service innanfor sine fagfelt.

b) Kva for formelle og uformelle nettverk ville du da få bruk for?

Denne øvinga er di oppgåve.

1.28

a) Kva trur du ein bank kan tilføre?

Ein bank kan hjelpe til med:

- Økonomisk rådgiving ved etableringa
- Råd for å ta opp ulike typar lån
- Råd for rekneskapsføring
- Råd for innskotsformer

b) og c) Desse øvingane er oppgåvene dine.

Læreboka side 40**1.29**

a) Kva er bodskapen i annonsen?

Bodskapen er å fremme positive holdningar og sunne verdiar for alle som er opptekne av fotball.

b) Kven trur du annonsen vender seg til?

Annonsen vender seg til alle fotballinteresserte.

c) – d) Desse øvingane er oppgåvene dine.

1.30 - 1.31 Desse øvingane er oppgåvene dine.

1.32

a) Kva roller har kvar av dei i gruppa?

Vokalisten syng, bassisten spelar bassgitar, trommeslagarar spelar på trommer, gitaristen spelar gitar og ein spelar keyboard. Til saman har dei ansvaret for at gruppa fungerer best mogleg saman.

b) Kva får det å seie dersom ein av dei blir sjuk under ein konsert?

I verste fall må gruppa da avbryte konserten.

c) Er alle rollene i gruppa like viktige?

Sidan alle er avhengige av kvarandre, er alle like viktige.

1.33

a) Kva roller har Tiril og Are i ungdomsbedrifta?

Tiril var leiar og ansvarleg for økonomien.

Are var ansvarleg for sal og marknadsføring.

b) Korleis kunne Are unngått dei problema han skapte?

Are skulle ha teke vare på vedlegga etter kvart som dei kom inn. Han kunne ha arkivert dei i ein perm.

c) Kva meiner du må til for å få eit gruppearbeid til å fungere?

Det er viktig at:

- Alle gjer som avtalt på førehand
- Viser positiv holdning
- Møter opp til avtalar

Læreboka side 48**1.34 - 1.38**

Desse øvingane er oppgåvene dine.